



Ytre Sogn vassområde

Sogn og Fjordane vassregion

Referat frå møte i Ytre Sogn vassområdeutval

Tid: Onsdag 6. mars 2019, kl. 09:45 – 13:20

Stad: Lavik Fjord Hotell, Lavik

Frammøtte:

Tor Arne Hauge	Solund kommune, adm. medlem
Idar F. Blom	Hyllestad kommune, adm. medlem
Petter Sortland	Høyanger kommune, politisk medlem
Synne Vefring	Høyanger kommune, adm. medlem
Olav Turvoll	Vik kommune, politisk medlem
Karen Weichert	Vik kommune, adm. medlem
Håvard Tveit	Gulen kommune
Frode Bøthun	Balestrand kommune, politisk varamedlem
Janne Grønli	Statens vegvesen, Region Vest
John Anton Gladsø	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Christian E. Pettersen	Sogn og Fjordane fylkeskommune, vassområdekoordinator (referent)

Ikkje møtt:

Gunn Åmdal Mongstad	Solund kommune, politisk medlem
Tom Færøy	Solund kommune, politisk varamedlem
Rune Håvåg	Gulen kommune, politisk medlem
Arnchild Kjellevold	Gulen kommune, politisk varamedlem
Leif Eide	Hyllestad kommune, politisk medlem
Elin Beate Breidvik	Hyllestad kommune, politisk varamedlem
Harald N. Offerdal	Balestrand kommune, politisk medlem
Arne Abrahamsen	Balestrand kommune, adm. medlem
Jørgen Hundseth	Balestrand kommune, adm. varamedlem
Susan Solbrå	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
	Mattilsynet, Sør og Vest
	Fiskeridirektoratet, Region Vest
	Norges vassdrags- og energidirektorat, Region Vest
	Kystverket, Vest

Saker

1-2019: Årsmelding 2018

Handsaming i møte:

Vassområdekoordinator sitt framlegg blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Vassområdeutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018.

2-2019: Rekneskap 2018

Handsaming i møte:

Vassområdekoordinator sitt framlegg blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Vassområdeutvalet tek rekneskapen for 2018 til vitande.

3-2019: Aktivitetsplan 2019

Handsaming i møte:

Det blei foreslått å inkludere temaet vilkårsrevisjon i aktivitetsplanen for 2019. Vassområdekoordinator sitt framlegg, med ovannemnde tillegg, blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Vassområdeutvalet godkjenner aktivitetsplanen for 2019, men med eit ekstra punkt om vilkårsrevisjon.

2-2019: Budsjett 2019

Handsaming i møte:

Vassområdekoordinator sitt framlegg blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2019.

Vassområdekoordinator i samarbeid med prosjektgruppa får fullmakt til å setja i verk miljøundersøkingar i tråd med budsjettet. Og ved behov justere enkeltpostar på budsjettet med opptil kr 50 000.

Ymse

Fylkesmannen orienterte kort om at det er mogleg å søke om midlar frå klima- og miljøprogrammet for 2019. Tilskotsordninga gjeld praktisk retta prosjekt som bidreg med kunnskap om meir miljøvenleg matproduksjon tilpassa eit endra klima. Les meir på:

<https://www.fylkesmannen.no/nb/vestland/landbruk-og-mat/miljotiltak-i-jordbruket/soknad-om-midlar-fra-klima--og-miljoprogrammet-2019/>

Orienteringar

Presentasjon av resultatane frå vassprøvetakinga i 2013, 2017 og 2018

v/ vassområdekoordinator

Kunnskapsmangel var hovudårsaka til at vassprøvetakinga blei starta opp. Regional plan for vassforvaltning for perioden 2016-2021 lister opp kunnskapsmangel som ei hovudutfordring i vassregionen, og det blir m.a. peika på behov for mykje overvaking og problemkartlegging innanfor påverknadar frå landbruk og avløp. Vassprøver saman med biologiske prøver (botndyr, påvekstalgar og heterotrof begroing) er godt egna til dette.

For 2017 og 2018 planla vassområdekoordinator i samråd med Fylkesmannen og kommunane kva for vassførekomstar som skulle prøvetas. Organiseringa av vassprøvetakinga blei gjort av vassområdekoordinator. Sjølvne prøvetakinga blei gjort av kommunane og vassområdekoordinator. VestfoldLab stod for analysene av vassprøvene. Det blei også utført vassprøvetaking i 2013. Den gang i regi av vassområdekoordinator tilsett hos Høyanger kommune.

Resultata frå vassprøvene frå åra 2013, 2017 og 2018 viser at om ein tek utgangspunkt i problemstillinga næringsstofftilførsel frå landbruk og avløp, og ser berre på tilstand målt på parametrar som er relativt spesifikke for denne type påverknad, so er miljøtilstanden bra i dei fleste områda i Ytre Sogn. Meir konkret ser ein då at «svært god tilstand» er den dominerande tilstandsklassa med 33 vassførekomstar, mens eit fåtal vassførekomstar kjem ut med tilstandsklassane «god», «moderat», «dårleg» og «svært dårleg», til saman 11 vassførekomstar.

Blir også vassprøver teke i andre samanhengar i tillegg til biologiske prøver lagt til grunn, ser situasjonen noko dårlegare ut, med fleire av vassførekomstane i tilstandsklassen «god» eller «moderat» i staden for «svært god».

Vegen vidare med tanke på oppfølging av vassførekomstane i form av overvaking, tiltak, m.m. blir avklart i samråd med kommunane i tida framover. For nokre av kommunane er vi allereie godt i gang.

Presentasjon av elv- og innsjøundersøkingane i 2018

v/ Kristine Øritsland Våge (Faun Naturforvaltning AS)

Resultata frå elv- og innsjøundersøkingane, der ein nytta botndyr, begroingsalgar, heterotrof begroing, planteplankton og vasskjemi til å vurdere påverknaden frå avløp, landbruk og sur nedbør på vassmiljøet, blei presentert. Det blei også gjeve litt bakgrunnsinformasjon om metodikk, føremål, etc.

Presentasjonen er tilgjengeleg på vassområdet sin heimeside på Vannportalen.

